

Alver kommune Plan og byggesak  
Larissa Dahl  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar: d3f79bda-3156-4eb6-b4a7-82bd4e14d2ae  
Vår: 21/8721 - 21/74037

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
05.11.2021

## **Uttale frå landbruksavdelinga til søknad om riving og etablering av nytt våningshus med veg i LNF gbnr 333/2 Sjurdal**

Saka gjeld søknad om riving av våningshus, etablering av nytt hus og vegtilkomst i LNF-område på gbnr 333/2 Sjurdal.

Våningshus er ein av dei viktigaste ressursane på ein landbrukseigedom. I jordlova er dekket omgrepene jordbruksproduksjon både jord og nødvendige bygningar for drifta, og det er difor ikkje naudsynt med omdisponeringsløyve etter jordlova dersom huset skulle vera plassert på dyrka eller dyrkbar jord.

Det er i landbruksregelverket lagt vekk på at det er ynskjeleg at landbrukseigedomar skal vera bebudd av eigar, fordi det vil vanlegvis vera slik at ein eigar som bur på eigedomen i større grad vil ta vare på og skjøtta ressursane på ein betre måte. Det nye huset er tenkt plassert på same stad som det gamle og det vert betre vegtilkomst enn i dag.

Det er ikkje bygd nye hus i Sjurdal dei siste 25 åra og det må akspeterast at også dei som bur på ein landbrukseigedom skal ha same moglegeheit som resten av samfunnet til å ha eit tidsmessig og moderne hus.

Landbruksavdelinga vil rá til at det vert gitt dispensasjon for riving og gjennoppføring av nytt våningshus.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906 FREKHAUG